

Referat frå møte i Kommunalt Foreldreutval

Måndag 15. mai 2017, kl. 16.00 – 18.00

Kommunestyresalen, kommunehuset på Sand

Desse møtte:

Sigurd Kilane og Randi Strand Leirvik (Erfjord skule)

Marianne Moen (Jelsa oppvekstsenter)

Nina Østebø (Marvik skule)

Anita Austerå og Greta Andersson (Nesflaten oppvekstsenter)

Linda Hatlevoll Dahle (Sand skule barnetrinn)

Mirela Moe og Lars Fisketjøn (Vinjar skule)

Meldt forfall: Anita Vikingstad, Elin Tjordal Haugen, Irene Oppistov Hamra.

Det møtte ingen representantar frå Vanvik oppvekstsenter

Sakliste og vedtak:

- Godkjenning av innkalling og møtereferat frå KFU møte 24.10.2016

Innkalling og referat vart godkjent.

- Informasjon frå Kommunalsjef for oppvekst

- ✓ Orientering om tilsette på skulen si deltaking i FAU

Tilsette på skulen bør ikkje vera klassekontaktar i dei trinna der dei er kontaktlærar.

- ✓ Finansiering av 10.klasse skuletur

Det vart ein lang og grundig diskusjon om denne ordninga, bakgrunnen for den og vedtaket som vart gjort av politikarane i 2015. 10.kl tur skal finansierast av skulen sitt budsjett. Det betyr i praksis at 1.-7.skulane er med å finansierer kr.3.500 pr elev for dei 10.klassingane som kjem frå deira skule. KFU meiner det bør tilførast friske midlar til turen.

Kommunalsjefen informerte om at det er lov for skulen å motta gåver.

- ✓ Anna informasjon

Oppvekstkonferansen er planlagt den 9.og 10.11. FAU vert oppmoda til å reklamere for temakvelden på torsdagskvelden, blant "sine" foreldre.

Kick-off for BTI - Betre Tverrfagleg Innsats. Modellen skal etter planen byrje å gjelde frå jan 2018.

- Mobbing – Trivselsprogrammet – resultater?

Tilbakemeldingar frå rektorer og lærarar er at dei ser aktivitet og inkludering, og syns generelt at det er eit veldig positivt tiltak. Elevane sjølv melder tilbake om at dette er bra.

Kommunalsjefen presiserer at det er ved elevundersøkingar at ein ser konkrete resultat samanlikna med korleis det var før. Men pga at dei to største skulane ikkje var med i undersøkinga i fjor, har ein ikkje så gode samanliknbare tal i år.

4. KFAU si nettside www.minskule.no/kfau - innspel til kva meir som bør publiserast her.

Heimesida har blitt svært mykje betre no når den er oppdatert, og det ligg det meste av relevant informasjon. Redaktør er Mirela Moe, og denne oppgåva vil ligge til leiaren i KFU også i framtida.

5. 5-dagar skuleveke

På bakgrunn av førre referat var det noko uklart om alle skulane skulle gå i gong med nok ein runde om 5-dagars skuleveke. Det vart presisert at dette berre gjeld dei skulane kor denne saka ble tatt opp igjen i SU.

6. Val av skrivars i KFU 2016-2017

Nina Østebø vart vald.

7. Ymse

- Det vart fremja spørsmål om det er ønskjeleg å opprette ei lukka Facebook-gruppe for medlemene? Alle medlemene er ikkje på FB, så då vart det bestemt å ikkje opprette ei slik gruppe.

- Kommunen bør gjera sitt beste i å få utlyst lærarstilingar så tidleg som mogleg, for å vera i ein god posisjon for å skaffe seg kvalifisert arbeidskraft. KFU ønskjer å ha ei ordning med fast vikar med lærarutdanning, og ber kommunalsjefen vurdera dette.

- Det vart fremja forslag om å revidera vedtekten, paragraf 2 og 5;

*Nytt punkt 2.5: **KFU Suldal skal vera eit høyringsorgan på vegne av foreldra ved alle grunnskulane i kommunen.***

*Nytt tillegg etter første setning i punkt 5.1; **Innkallingar, saklister og godkjende protokollar skal publiserast på KFU si heimeside.***

Det vart bestemt at desse forslaga vert handsama av årsmøtet/det første møtet i det nye KFU til hausten. Dato for dette møtet vert sett til **18.september.**

Nina Østebø

Skrivar